



GJEMNES- NYTT

NR. 1

FEBRUAR

2005

Ansvarlig redaktør..... Nils Martin Sæther
KontaktpersonEllen Randi Blakstad



Sentraladministrasjonen

GJEMNES KOMMUNESTYRE har møte i kommunestyresalen på Batnfjordsøra 15. februar 2005, kl. 17.00.

- Reglement for folkevalde sin rett til innsyn
- Utbygging av breibånd-finansiering/status
- Deltakelse i prosjektet
- Omstilling/utvikling i landbruket
- Oppretting av stilling som ungdomsarbeider v/ungdomsklubben
- Endring av brannordningen i Gjemnes
- Kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2005-2008 2.g. beh.
- Søknad om midler til medlemskap i MOT
- Skoler – økonomiske ramme
- Samspleis

Tema: Arealforvaltning – jorvern

Saksdokumenter ligg til gjennomsyn i kommunehuset og på internett. Batnfjordsøra, 2. februar 2005.

*Odd Steinar Bjerkeset
ordfører*

MØTEPLAN 1. H.Å. 2005

Formannskapet: 1. mars, 12. april, 10. mai, 14. og 30. juni

Kommunestyret: 15. februar, 15. mars, 26. april, 24. mai, 31. mai(dialogmøte), 28. juni

Skole/barnehage

HOVEDOPPTAK TIL BARNEHAGANE

Angvik barnehage, 6636 Angvik
Bergsøy barnehage, 6631 Batnfjordsøra
Heggem barnehage, 6638 Osmarka
Solsida barnehage, 6631 Batnfjordsøra
Torvikbukta barnehage, 6639 Torvikbukta

Kommunestyret gjer vedtak om vidareføring av Bergsøy barnehage i mars 2005.

Søknad om plass i barnehagane i Gjemnes i barnehageåret 2005/06 skjer på eige søknadsskjema og gjeld for alle barnehagane i kommunen. Skjemaet er lagt ut på kommunens heimeside: www.gjemnes.kommune.no, i barnehagane, og ekspedisjonane ved helse- og sosialsenteret og kommunehuset.

Søknad om plass for neste barnehageår må vere innlevert eller postemplet til aktuell barnehage eller skoleadministrasjonen, kommunehuset, 6631 Batnfjordsøra, seinast 11. mars 2005 Etter denne fristen blir innkomne søknader sett på lågaste prioritet ved plassdeling.

Avdelingsleiar.

Kultur

KLUBBLEIAR FOR GJEMNES UNGDOMSKLUBB

Under føresetnad av politisk godkjenning, vil stillinga som klubbleiar for Gjemnes ungdomsklubb bli ledig for fast tilsetjing frå 1.4. 2005.

Stillinga er 20% av full stilling.

Klubbleiaren har ansvaret for drifta av ungdomsklubben som har klubbkveldar i Gjemneshallen kvar fredag, og andre arrangement i regi av ungdomsklubben.

Gjemnes ungdomsklubb og klubbleiar er underlagt kulturavdelinga og skal samarbeide med ressursgruppa for ungdomsklubben.

Lønn og tilsetjing på vanlege kommunale vilkår. For meir informasjon, ta kontakt med kulturkontoret.

Søknad med attestar og vitnemål skal sendast til Gjemnes kommune, kulturavdelinga, 6631 Batnfjordsøra **innan 25.02. 2005.**

Gjemnes Folkebibliotek

Opningstider på

Hovudbiblioteket-Halsgården

- * Måndagar: kl. 12.00 - 16.00
- * Tirsdagar: kl. 13.00 - 18.00
- * Torsdagar: kl. 10.00 - 15.00

Telefon: 71 29 05 95

e-postadresse: gfolkebi@online.no

På biblioteket finn du forutan bøker:

- * Lydbøker for barn og vaksne
- * Video til utlån

Det er for det meste barnefilmar Lånetida på desse er ei veke.

Biblioteket har også internett. Dei som ynskjer å søke etter opplysningar, kan vende seg til biblioteksjefen for hjelp.

Hjarteleg velkomen til våre lokale i Halsgården!

Leiar for kulturavdelinga

OPNINGSTIDER FOR SVØMMEHALLEN

- Onsdagar kl. 15.00 – 18.30
Funksjonshemma + småbarn saman med vaksne
- Onsdagar kl. 18.30 - 19.30
Revmatikarbading
- Onsdagar kl. 19.30 – 20.30
Menn (badstue)
- Torsdagar kl. 16.00 – 20.00
Fellesbading
- Torsdagar kl. 20.00 – 21.00
Kvinner (badstue)

Billettprisar:

- Barn: kr. 20,- pr. time
- Vaksne: kr. 50,- pr. time
- Klippkort: 33% rabatt

Frist for Gjemnes-nytt: 28. februar, 11. april

MOTORISERT FERDSEL I UTMARK

Desse har fått ervervslyve for transport med snøscooter i Gjemnes:

Brakstad/Tomtjønna:

Olav Lundås, 6636 Angvik

Åbakken/Langvassdalen:

Kjell Erik og Torgeir Angvik,
6636 Angvik

Auden M. Angvik, Skogv. 6415 Molde

Silset/Silsetfjellet:

Tor Arnfinn Silset, 6631 Batnfjordsøra

Batnfjord idrettslag v/Odd Magne

Solenes, 6631 Batnfjordsøra

Jarle Harstad, 6631 Batnfjordsøra

Åndal/Åndalsetra:

Erling Aandal, 6631 Batnfjordsøra

Halvor Åndal, 6631 Batnfjordsøra

Flemsetra/Flemsetervatnet:

Nils Haltvik, Ravnebakken,

6425 Molde

Desse kan kontaktast ved behov for transport av bagasje, utstyr m.m

UNGDOMEN SITT KOMMUNESTYRE/ UNGDOMSRÅD I GJEMNES

Gjennom brev til alle elevar i vidaregåande skule frå Gjemnes og informasjonsmøte med elevane i ungdomsskulen har vi bedd om kandidatar til ungdomen sitt kommunestyre/ungdomsråd i Gjemnes. Innan fristen som var den 31.januar, har vi fått 25 kandidatar. (Sjå under)

No skal ungdomane sjølve velje mellom desse 7 personar som skal bli ungdomen sitt kommunestyre eller ungdomsråd for Gjemnes.

Alle ungdomar som er busett i Gjemnes f.o.m. 8. klasse t.o.m. 19 år har stemmerett.

For elevane på ungdomsskulen vil det bli arrangert skuleval i slutten av februar.

For alle andre, så kan de stemme på følgjande måte:

Gå inn på Gjemnes kommune sine heimesider (www.gjemnes.kommune.no) og ta ut stemmeseddel. (Sjå på nyheter eller skje-ma).

Eller de kan ta kontakt med kommunen sitt sentralbord og be om å få tilsendt stemmesetel.

Stemmesetelen kan de sende til Gjemnes kommune i lukka brev (legg semmeseddel i eigen konvolutt inne i brevet) Hugs å merke den ytre konvolutt med ditt eige namn og at dette er stemmesetel til ungdomen sitt kommunestyre.

Alternativt kan de møte opp i resepsjonen på kommunehuset i kontortida og stemme. Frist for å levera stemmesetelen blir sett til 4. mars 2005.

Her er kandidatane:

Anne Marit Bjerkeset, Batnfjordsøra,

Ragnhild Bjerkeset, Batnfjordsøra,

Helene Aamyri Bø, Gjemnes,

Janine Elvebakk, Angvik,

Anette H. Endresen, Angvik,

Vetle Engdahl, Torvikbukta,

Ola H. Fagerlie, Flemma,

Harald Flatsetø, Batnfjordsøra,

Hans Are Nagel Grimstad, Gjemnes,

Hilde Wiik Harstad, Batnfjordsøra,

Siv Anita Hoem, Batnfjordsøra,

Stine Marie Indergård, Batnfjordsøra,

Stina Jauteè, Gjemnes,

Merethe Kaldvansvik, Batnfjordsøra,

Ingrid Helene Kvalvaag, Torvikbukta,

Silje Harstad Lønsethagen, Batnfjordsøra,

Ida Marie Rånes, Batnfjordsøra,

Sandra Grindvold, Batnfjordsøra,

Gaute Silseth, Batnfjordsøra,

Sondre Silseth, Batnfjordsøra,

Jonny S. Skar, Batnfjordsøra,

Ole Morten B. Strand, Batnfjordsøra,

Einy Torvik, Torvikbukta,

Ole Bjørn S. Warvik, Batnfjordsøra,

Renate L. Aafløy, Osmarka

Vel ut 7 av kandidatane du meiner bør vera med i ungdomen sitt kommunestyre i Gjemnes og set kryss i rubrikken framom desse. Stemmesetlar som har for mange(eller for få kryss) vil bli forkasta.

Lykke til! Vi treng eit godt ungdomsråd som kan ta vare på ungdomane sine interesser og behov i Gjemnes.

Oppmålingsavd.

ØKTE GEBYRSATSER FRA 01.01.2005.

- GEBYRREGULATIV ETTER DELINGSLOVEN FRA 1. JANUAR 2005.

I sak 108/86 vedtok Gjemnes kommunestyre at gebyrsatsene etter delingsloven skal reguleres hvert år etter Statens kartverk sin indeks for kart- og oppmålingsarbeid.

Gjeldende regulativ har en indeks på 330,16.

Fra 1. januar 2005, legges indeksen for desember 2004, på 338,66 til grunn.

Dette medfører at satsene øker med ca. 2.6 % fra årsskiftet.

Fra årsskiftet vil gebyret for en " vanlig " tomt til utbyggingsformål på inntil 1,5 da, være kr. 8.610,- . I tillegg må det betales tinglysingsgebyr på kr. 1690,-.

- GEBYRREGULATIV FOR DELESAKER BEHANDLET ETTER § 63 OG § 93 I PLAN OG BYGNINGSLOVEN FRA 1. JANUAR 2005.

Kommunens hjemmel for innkreving av gebyr for behandling av delesaker (jf. Pbl § 63 og § 93), er hentet fra plan- og bygningsloven § 109.

Gebyrregulativet er vedtatt i kommunestyret 24.02.04 sak: Å PS 04/04.

Prisene i dette regulativet skal reguleres etter Statens kartverk sin indeks for kart- og oppmålingsarbeid.

Fra 1. januar 2005, legges indeksen for desember 2004, på 338,66 til grunn.

Dette medfører at satsene øker med ca. 2.6 % fra årsskiftet.

1. Søknader i regulerte områder :
 - a) Byggetomt i samsvar med grenser fastsatt i godkjent reg.plan/bebyggelsesplan kr. 530,-.
 - b) Byggetomt der grenser ikke er fastsatt i planen kr. 740,-.
 - c) Annet formål der grenser ikke er fastsatt i plan og/eller tilleggsarealer kr. 640,-.
2. Søknader i uregulerte strøk :
 - a) Byggetomt kr. 1540,-.
 - b) Annet formål og/eller tilleggsarealer kr. 640,-.
3. Avslag på søknad : 50 % av normalt behandlingsgebyr

Klageadgang: Gebyrfastsettelsen i den enkelte sak kan ikke påklages.

Mer informasjon om gebyrsatsane fra 1. januar 2005, kan du få hos oppmålingsingeniøren, men også på kommunens internettsider på følgende adresse: www.gjemnes.kommune.no

Med hilsen oppmålingsingeniøren.

BRANN

Gebyrer feiing 2005

Årsgebyr bolighus: kr 400,-

Årsgebyr hytter fritidshus: kr 280,-

Driftsavdelinga

GEBYRER

I desember 2004 vedtok kommunestyret nye årsgebyr for 2005. Nedenfor følger et oppsett over de vanligste gebyrsatsene. Alle satsene er eksklusive mva.

Renovasjon:

Standardabonnement m/mat

kr. 1775,50

Standardabonnement m/kompost

kr. 1242,50

Fritidsabonnement m/eget stativ

kr. 1003,00

Fritidsabonnement samlebeholder

kr. 501,50

Slam:

Tank inntil 6 m3, tømning hvert andre år

kr. 724,50

Ekstratømming tanker inntil 6 m3

kr. 1678,00

Tette tanker, tømning hvert år

kr. 1449,00

Hytter/fritidshus, tømning hvert 4. år

kr. 362,50

Vann:

Areal 0-100 m2 Tilknytningsgebyr

kr. 14270,00 Årsgebyr kr. 1687,50

Areal 101-300 m2 Tilknytningsgebyr

kr. 17115,00 Årsgebyr kr. 3375,00

Areal 301-500 m2 Tilknytningsgebyr

kr. 25200,00 Årsgebyr kr. 6749,50

Hytter/fritidshus Tilknytningsgebyr

kr. 8560,00 Årsgebyr kr. 1687,50

Avløp:

Areal 0-100 m² Tilknytningsgebyr kr. 10670,00 Årsgebyr kr. 1079,50
Areal 101-300 m² Tilknytningsgebyr kr. 13760,00 Årsgebyr kr. 2170,50
Areal 301-500 m² Tilknytningsgebyr kr. 17850,00 Årsgebyr kr. 4341,50
Hytter/fritidshus Tilknytningsgebyr kr. 6880,00 Årsgebyr kr. 1079,50

Gebyrregulativene ligger i sin helhet ute på kommunens hjemmesider.

Private avløpsløsninger

Mange av kommunens husstander har private løsninger for avløp. Det finnes flere løsninger på dette: tett slamavskiller, slamavskiller med infiltrasjon og andre løsninger.

Driftsavdelinga vil i løpet av året foreta en registrering av alle de private løsningene. Vi vil besøke alle som ikke er tilknyttet kommunalt ledningsnett for å få en oversikt over hvilke løsninger de enkelte har. Registreringene vil bli brukt til bl.a. rapportering til staten, ajouføring av kommunens gebyrregister og kontroll etter forurensningsloven.

Avdelingsleder drift

Lag og foreninger

FAGERLI SKISENTER

Åpningstider

Tirsdag -onsdag-torsdag : kl. 18.00-21.00

Lørdag og søndag: kl. 11.00-16.00.

I helgene er det salg av pølse m/brød, brus og kaffe.

ÅRSMØTE M/DANS

i Gjemnes Danselag

Lørdag 26. februar kl. 21.00-01.00 i Batnfjord samfunnshus. Vanlige årsmøtesaker. Diskusjon/meningsyttringer om lagets framtid.

Evt. forslag til saker til årsmøte sendes Aksel Hansen, tlf. 41605045.

Etter årsmøtet blir det dans

Gratis inngang på festen for medlemmer som møter opp til årsmøtet..

Musikk: TO Sæthers.

Ikke medlemmer kr. 150,-

Styret

ÅRSMØTE

Batnfjord supporterklubb holder årsmøte på Batnfjord Kro og Motell (Gamle Hjorten) 5. mars kl. 20.00.

Vanlige årsmøtesaker.

Forslag må være inne til formannen innen 1. mars.

Styret

ØRE HELSELAG

har årsmøte torsdag 24.02.05 kl. 20.00

i klubbhuset (v/fotballbanen) på Batn-fjord-søra. Vanlige årsmøtesaker.

Tema: Fysisk fostring v/Jorid Leirdal.

Orientering om ryggstrekkeren

Leif Syltesæther vil ta for seg aktuelle helse spørsmål. Enkel servering. Utlodning. Alle medlemmer vel møtt!

Styret

ÅRSMØTE I BATNFJORD BYGDALAG

tirsdag 1. mars kl. 20.00 på kantina kommunehuset. Vanlige årsmøtesaker.

Forslag til saker som skal tas opp på årsmøtet må sendes styret v/leder Petter Lillemo innen 21. februar.

Enkel servering. Vel møtt!

Styret

ÅRSMØTE

Flemma Vel på Flemma grendahus mandag 28. februar kl. 20.00.

Styret

BATNFJORD UNGDOMSLAG

Vi i interimsstyret i Batnfjord UL vil takke alle som har betalt medlemskontingent. Dette ser lovende ut.

Vi har begynt å rydde i huset, malt toalettene og oppussing av blåsalen.

Produksjon og salg av fastelavensris i år og vi håper vi får til en årlig tradisjon

Vi vil invitere til medlemstreff lørdag 5. mars. Invitasjon blir sendt ut senere til alle medlemmene.

Er det flere som er interessert i å betale kontingent er det kr. 150 for familie og kr. 100 for enkeltmedlem.

Konto 39336204651.

Årsmøte for laget blir onsdag 9. mars 2005 kl. 20.00.

Interimsstyret i Batnfjord UL

KOMMUNERÅDSMØTE

Torsdag 10/2 kl 2000 på møterommet i helse og sosialsentret. Kommunestyre-saker - Saker til fylkesårsmøtet.

Servering. Vel møtt for interesserte.

Gjemnes Sp.

FJELLPRISAR PÅ ØRE.

Mange besøkte Kammen og Raudberget i 2004, og skreiv seg inn i bøkene der.

Dei med flest turar vart premiært.

"Kammenprisen 2004" 1. Martin Ohren 34 turar. 2. Aud Øverås 12 turar-

"Raudbergprisen 2004" 1. Per Kvendset 50 turar. 2. Marit Fredrickson 25 turar.

Vi gratulerer alle med flott innsats, og det blir nye muligheter i 2005 som er friluftslivets år.

Øre Utmarkslag

ÅRSPLAN 2005 FOR GJEMNES

BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

- Medlemsmøte der tema blir dei komande jordbruksforhandlingane.
- Kurs i skogsdrift med hest, Furset 31. mars-2. april (15-årsgrense for bruk av motorsag)
- Pølsemakarkurs til hausten (slaktese-songen)
- Kurs i julebakst.
- Ope møte – tema: attgroing.

Dato for styremøte for vårhalvåret er fastsett til 22. februar, 5. april, 24. mai.

Dersom medlemmane har ønske om tema dei vil at laget skal ta opp, ta kontakt med styret (Mrk. dato for styremøter).

Styret for denne perioden:

Leiar: Stein Brubæk, 6636 Angvik, tlf. 71292732, e-post:sbrubaek@c2i.net

Nestleiar: Per Ivar Silset, 6637 Flemma, tlf. 71294136

Kasserar: Elin Steinkjær, 6631 Batnfjordsøra, tlf. 71290589

Studieleiar: Eva Magnussen, 6631 Batnfjordsøra, tlf. 71290377

Sekretær: Kolbjørn Magne Stokke, 6633 Gjemnes, tlf. 71293160

YTRE NORDMØRE

LIKNINGSKONTOR Nye åpningstider

ved etatskontor fra 1. februar 2005

Gjemnes: hver tirsdag.

Ekspedisjonstid: kl. 09.00-kl. 15.00

OMSORG VED KRISER

Omsorgsgruppa i Gjemnes ønskjer at gruppa både skal vere kjent, tilgjengeleg og bli brukt. Dette er et tenestetilbod som ein fritt kan bruke. Omsorgsgruppa kan gje støtte i livskriser og sorg, som t.d. alvorlig sjukdom, ulukke, død eller anna.

Kvifor har vi omsorgsgruppe?

Gruppa skal ikkje erstatte, men komme i tillegg til den medmenneskelege støtta frå familie, vener og naboar. I vanskelege livstilhøve er det særst viktig å kjenne støtte nettopp frå desse.

Omsorgsgruppa kan gje dei som er ramma støtte og rettleiing i sunn bearbeiding av kriser og sorg. Det er viktig at det vanskelege får utløp på ein eller annan måte. Dette er smertefullt, men på lengre sikt hjelper det oss og gjev lette og lindring.

Å stenge sorga inne eller skyve ho bort kan føre til problem, sjukdom eller snevrare livsutfalding. Omsorgsgruppa vil vere med på å forebygge slik uheldig utvikling.

I ei krise oppstår det ofte praktiske problem i tillegg. Vi ønskjer å komme inn med rettleiing og opplysning om kva hjelp som finst.

Korleis arbeider gruppa?

*Enkeltpersonar frå gruppa kan tilby samtale med den/dei kriseramma eller sørgjande

*Den som ønskjer støtte kan sjølv ta kontakt med ein av medlemmane i gruppa

*Gruppa kan også drive opplysningsverksemd om tema som gjeld kriser og meistring

*Kvar enkelt i omsorgsgruppa har si yrkesmessige teieplikt. Opplysningar vi får, kan ikkje gå til andre i gruppa etter samtykke fra den som søker hjelp.

Medlemmene i omsorgsgruppa:

Petter Dahle, prest,

tlf. 71293900/91543155

e-post: Petter.Dahle@Gjemnes.kommune.no

Runar Tenggren, pleie- og omsorgsleder,
tlf 71291161/41143734, e-post rt@gjemnes.kommune.no
Torbjørn Sæves, psyk.sykepleier,
tlf. 712991161/95187493
e-post ts@gjemnes.kommune.no

Janne Vindenes Loe, helsesøster
tlf. 71291186/91617053
Ola Eldar Gimnæs, leder sos.avd.
tlf. 71291161, e-post oeg@gjemnes.kommune.no

Elin Syltesæther, avd.sjukepleier,
tlf 71291173/47232941
Dagfrid Løkvik, avd. sjukepleier,
tlf.71291161/997735063

PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGEN takker alle som i 2004 har bidratt med gaver, besøk og undeholdning. Godt nyttår til alle fra beboere og tilsatte i pleie- og omsorgsavdelinga.

Kirke

TAKK!

Nyttårsaftan vart det gjennomført ein innsamlingsaksjon til støtte for hjelpearbeidet etter flaumkatastrofen i Asia. Her vil vi rette ein stor takk til alle som så villig var med og organiserte og samla inn pengar – likeeins til alle som gav slik at resultatet vart kr. 139.618,-!! Takk også til Gjemnes kommune og Sparbank1 Nordvest for godt samarbeid under aksjonen! Når alle sluttar så godt opp om ei sak er det inspirerende å arbeide!

DIAKONI

Diakoni er eit fint ord. Aksjonen som er nemnt ovanfor, er eit døme på hjelpetiltak overfor nødlidande. Men som kyrkje er vi også kalla til å sjå dei nære behov og kome med hjelp. Diakon kan vere å gå på besøk, gje ei handsrekning, be, - og sjå kva andre treng av fellesskap og nestekjærleik. Vi set diakonien på dagsorden under eit inspirasjonsmøte tirsdag 15.februar. Møtet blir på Høgtun, og vi får besøk av diakonikonsulent i Møre bispedøme Målfrid Nordhaug.

BIBELUTDELING OG LEIR

5.-klassingane har no fått sin eigen Bibel. Utdelinga skjedde i kyrkja i samband med bibeldagen. Neste sam-

ling for denne aldersgruppa blir ein liten leir. Vi held til i Flemma grendahus og har for oss mykje leik og aktivitetar. 5.-klassingane frå heile kommunen har sjanse til å bli kjent her, og vi gjer oss også betre kjent i Bibelen. Leiren er planlagt til 11.-12.mars – så 5.klassingar: Set av datoane! Det kjem brev med nærare informasjon.

BARNEGOSPELKORET

er godt i gjenge og øver jamnt over annankvar onsdag i Øre kyrkje. Nye songarar er velkomne til å bli med! Første øvingane no er onsdag 9. og 16.februar og 9.mars, alle kl. 18.

ÅRSMØTE I KYRKJELYDANE

Årsmøte – ikkje det som vanlegvis samlar mest folk. Men årsmøta er viktige samlingspunkt i einkvar organisasjon sitt liv. Her er det tid til å få litt oversikt og stille spørsmål: Korleis går det? – Kva driv vi med? Er vi på sporet? Gjemnes menighet held sitt årsmøte etter gudstenesta 6.mars. For Øre blir det årsmøte i kyrkja torsdag 10.mars kl. 19.30. I tillegg til årsmelding og rekneskap vil vi også snakke om: Kva har kyrkja å gje i 2005? Støtt kyrkjelyden din ved å vere med på årsmøtet!

GUDSTENESTER

13.02.2005 1.S.I FASTE

GJEMNES KIRKE kl. 11.00.
HØYMESSE. Nattverd. Einy Rendal Elgsæter. Takkoffer til Kr.russens misjonsprosjekt.

20.02.2005 2.S.I FASTE

ØRE KYRKJE kl.11.00.
HØGMESSE. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Kr.russens misjonsprosjekt.

06.03.2005 4.S.I.FASTE

GJEMNES KIRKE kl.11.00.
HØYMESSE. Nattverd. Dahle. Takkoffer til menighetens misjonsprosjekt. Etter gudstj.: Menighetens årsmøte, kirkekaffi.

13.03.2005 MARIA

**BODSKAPSDAG
ØRE KYRKJE kl.11.00.**
FAMILIEMESSE, nattverd, barnas misjonsdag. Karen Flatø og Dahle. Barnegospelkoret. Kyrkjekaffi.

20.03.2005 PALMESØNDAG OSMARKA KAPELL kl.11.00.

HØGMESSE, Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.



**GJEMNES
KOMMUNE**

6631 BATNFJORDSØRA

Ordfører tlf.:71 29 11 01
Mobil:91 53 27 72

Rådmann tlf.:71 29 11 02
Mobil:90 04 32 10

Sentraladministrasjon

Sentralbord:71 29 11 11
Fax:71 29 11 99

E-post: post@gjemnes.kommune.no

Kontortid:

15. mai - 14. sept.kl. 08.00 - 15.30
15. sept. - 14. mai.kl. 08.00 - 16.00

Avdelinger

Sosialavdelinga:71 29 11 60
Pleie- og omsorgsavd:71 29 11 60

Helseavdelinga

- Legesenteret:71 29 02 00
- Helsestasjonen:71 29 11 86
- Fysioterapitjenesta:71 29 11 88
Nærings-/miljøavd.:71 29 11 11
Kulturavdelinga:71 29 11 11
Driftsavdelinga:71 29 11 11
Skole/barnehagar:71 29 11 11

Nødtelefoner:

Brann110
Lensmann:112
Lege:113
Legevakt (etter kl. 16.0)71 29 12 22

Skoler

Gjemnes skole:71 29 47 50
Batnfjord skole:71 29 11 40
Torvik skole:71 29 47 02
Angvik skole:71 29 26 27

Barnehager

Solsida barnehage:71 29 04 07
Angvik barnehage:71 29 26 33
Heggem barnehage:71 29 41 58
Bergsøy barnehage:71 29 32 20